



Sesongrapport Hareid menn senior 1, sesongen 2015



A-laget fotografert palmelaurdag. Bak frå venstre: Kristian Angelsen (lagleiar), Lars Roar Holstad, Joar Møller, Robin Jackson Indrefløy, Eiliv-Tore Howlid, Sigve Overå Hide, Thor-Ove Brekke, Martin Nikolai Longva, Jon André Thue, Ulrik Wingsternes, Runar Stranden, Simon Holstad Grimstad, Georg Eikrem Olsen. Framme: Stig Monsen (hovudtrenar), Harald Møller (hjelpetrenar), Knut Helge Hovden (materialforvaltar), Håvard Knudsen Bjåstad, Ole Magnus L. Melchior, Gustav Bjørlykke Kløvning, Vagn Scheide Mork (kaptein), Fredrik Lonbakken, Hazhir Alipoor, Ola Kalvø Vattøy, Venthan Ketheeswaran, Hiwa Alipoor, Martinus Røyset Bakken.

A. Støtteapparat

Allereie 5. november vart det offentleggjort at ny a-trenar etter Hans Gisle Holstad vart Stig Monsen, med bakgrunn frå blant anna Hødd, AaFK, Molde FK og Rollon. Nærare jul vart det klart at Vidar Vollsæter og Harald Møller vart hjelpetrenarar. Kristian Angelsen kom inn som ny oppmann, eit verv han hadde hatt før også, medan Knut Helge Hovden heldt fram som materialforvaltar og Anders Hjelle Øiestad som medhjelpar.

Lagkaptein i år har vore Vagn Scheide Mork. Visekaptein: Eiliv-Tore Howlid.

B. Treningar

Frå januar av trena a-laget måndagar, tysdagar, torsdagar og laurdagar. Treningane i vekene var veldig godt besøkte, medan det var verre med laurdagsøktene. Ved seriestart gjekk a-laget over til å trene måndagar og tysdagar, i tillegg til å ha kamp torsdagar. Men dette vart for lite. Så då hausten

starta opp vart det igjen tre treningar pluss kamp. Generelt sett har det vore bra frammøte på alle vekedagstreningane i år.

C. Stallen

Då treningane starta opp i starten av januar var det enorm interesse for å bli med i a-stallen. Så allereie etter eit par veker måtte det skjerast ned og takast ut ein stall, til skuffelse for nokre som dermed vart «tvangsflytta» ned til Hareid 2-3-gruppa. Nye i stallen i år var Ole Magnus Ljøen Melchior (comeback) og Jon André Thue (ÅVK). Gutespelarar/juniorar i stallen var frå starten av Fredrik Lonbakken, Sigve Overå Hide (keeperar), Simon Holstad Grimstad, Hazhir Alipoor, Runar Stranden, Jon André Thue, Håvard Knudsen Bjåstad og Gustav Bjørlykke Kløvning.

Seinare i sesongen starta også Håvard Øvreid, William Valde Bigset og Håvard Mork Breivik (SMG) å trene med a-laget.

Utpå vinteren slutta også Lars Roar Holstad (comeback) seg til stallen. Han jobba i Bergen kvar tredje veke, men var elles stort sett med. Dessverre valde den gode stopparen Martin Nikolai Longva å gi seg før siste treningskamp. Utvilsamt eit stort tap for laget. Elles flytta Ola Kalvø Vattøy til Molde etter vårsesongen. Joachim Røyset hadde seg eit sommaropphald på Hareid og spelte litt. Tore Johan Ytre-Hauge prøvde seg på eit comeback om vinteren, men var heller lite med om våren, og gav seg heilt til sommaren. Svein Inge Nesset dukka opp då oppkøyinga til haustsesongen starta, men gav seg før han hadde spelt ein einaste kamp. Torgeir Skeide melde seg inn frå Lokomotiv Oslo FK i juni og var med fast resten av sesongen.

D. Treningsleir

Som dei to siste åra var a-laget på treningsleir i Tyrkia ei veke i mars. Troppen var litt mindre denne gongen, men treningsleiren var vellukka. Spelende reiseleiar i år var Vagn Scheide Mork. Stig Monsen og Harald Møller var med som trenarar.

E. Oppkøyinga elles

Treningskampane starta med ein enkel 6-1-siger borte mot 5.-divisjonslaget Tjørvåg. Det vart tydeleg at Hareid-karane spelte med stor sjølvtilitt nesten heile oppkøyinga gjennom. For resultatata var overraskande gode. Blant anna sigrar mot Rollon, LGFK og Ørsta, og uavgjort mot Volda og Stryn. Ikkje før i siste treningskamp tapte Hareid, 3-2 borte mot Skodje frå 5.-divisjon.

F. Vårsesongen

Hareid var av dei fleste tippa til å kjempe i toppen i år, og starten var det i alle fall lite å seie på; 5-1 borte mot Valder etter blant anna to mål av Ola Kalvø Vattøy. Hareid spelte denne kampen offensiv og intensiv fotball, slik vi hadde sett i oppkøyinga.

Men allereie i andre serierunde såg vi rusk i maskineriet, då Hareid vart slått klart 3-0 av eit fysisk Rollon-lag. Og verre skulle bli. Hareid leia både 3-1 og 4-2 heime mot nyopprykte Vartdal. Men etter ein kjempekollaps, der blant anna Eiliv-Tore Howlid vart utvist og laga straffe imot, tapte Hareid utruleg nok 5-4. Det betra seg neste kamp med 1-1 borte mot Norborg. Men så kom Langevåg til Hareid, og vann heile 5-0. Hareid var heilt ute av form, med andre ord. Men det snur fort i fotball. Og Hareid følgde opp med 3-1 heime mot FK Sykkylven og heile 7-1 borte mot Vigra, der vi såg igjen mykje av finspelet frå vinteren. Men så tapte Hareid faktisk tre kampar på rad igjen, før ein svært ujamn vårsesong vart avslutta med ein sterk 2-0-siger på Larsnes.

G. Haustsesongen

Ein treningskamp mot Emblem før haustsesongen gav ikkje så mange svar. Hareid tapte rett nok 4-1, men eksperimenterte med laget i stor grad. Dette var også debuten for 14 år gamle Håvard Mork Breivik, som ikkje er gammal nok til å spele seniorfotball i serien. Håvard Øvrelid, som var viktig for Hareid G16-laget som vann Norway Cup, scora Hareids mål i treningskampen. Første haustkamp gjekk veldig bra, med 3-1-heimesiger mot Valder. Eit 2-0-tap borte mot topplaget Rollon følgde, før Vartdal var motstandar på bortebane. Ein veldig viktig kamp for Hareid med tanke på å halde seg unna nedrykksgjørma, og også ei moglegheit til å revansjere det sure tapet for vårsesongen. Det vart ein tøff kamp på ei våt grasbane, men Hareid vann heldigvis 2-1. Vidare klarte ikkje Hareid å slå Norborg i neste runde, sjølv om bortelaget spelte store delar av 2. omgang med ti mann. Ein typisk Hareid 2015-kamp med store variasjonar i løpet av éin og same kamp. Periodar av 1. omgang var faktisk ganske bra. Men Norborg vann 3-2. I femte haustrunde var det derimot bønn i bøtta. Hareid tapte heile 5-1 borte mot Langevåg, sjølv om gultrøyene spelte store delar av 2. omgang med ein utespelar i mål. Hareid var heilt greie fram til Langevåg fekk første målet. Og då rakna det. Vidare følgde eit knapt tap i Sykkylven. Før ein veldig viktig heimekamp mot Vigra stod på programmet. Det låg i korta at berre lag 11 og 12 ville rykke ned i år, med tanke på kva som skjedde i 3.-divisjon. Heldigvis vann Hareid komfortabelt 4-1. Inga ulempe at Vigra fekk ein mann utvist, men likevel fortent Hareid-siger (merk at dette var dei tre første poenga Hareid tok på kunstgras sidan første serierunde på Valderøya). Torgeir Skeide scora sitt første Hareid-mål denne kampen, medan midstopparen Ulrik Wingsternes scora sitt femte for året. For begge skulle det stoppe der. På dei fire siste kampene scora Hareid berre fem mål, og tok eitt poeng. Det vart 3-1-tap i Ørsta etter ein svært ujamn Hareid-prestasjon der, 2-2 heime mot Emblem etter ei flott opphenting på slutten (Venthan Ketheeswaran med sitt første seriemål i år), 3-1-tap på Godøya (mållaust til pause, Håvard Øvrelid reduserte til slutt) og heilt til slutt 2-1-tap heime mot LGFK (Hazhir Alipoor med sitt første a-mål). Hareid var i realiteten aldri spesielt nedrykkstrua, men avslutta likevel på ein svak 10.-plass med 23 poeng (13 poeng om våren, 10 om hausten).

H. Oppsummering

Vi skal ikkje analysere sesongen i det vide og breie. Men slik det såg ut både etter ei svært solid oppkøyring, og etter ei fantastisk serieopning på Valderøya, var det skuffande at sesongen enda som han gjorde. Det kan ha med sjølvtilitt å gjere. Det kan ha (litt) å gjere med at den beste spelaren i 2014 forsvann rett før sesongstart. Og/eller at fleire sentrale spelarar mista forma og/eller sjølvtilitten utover våren. Og at atter andre (som Melchior og Indrefløy) stort sett gjekk skadde heile sesongen. Kanskje kan også laget ha overprestert noko om vinteren, slik at det vart vanskeleg å svelge skuffelsen då motgangen kom tidleg i vårsesongen. Sesongen 2015 hadde sine flotte stunder. Vi må ikkje gløyme store bortesigrar på Valderøya og Vigra, og eit sterkt poeng borte mot topplaget Norborg. Men i altfor mange kampar mangla Hareid «det vesle ekstra» for å vinne. Og når Hareid kom under vart det veldig sjeldan at laget ikkje kollapsa. Det skjedde ikkje i éin einaste seriekamp i 2015 at Hareid tok tre poeng etter å ha kome under. Men rett skal vere rett. Hareid låg under både borte mot Norborg og heime mot Emblem, for så å kome tilbake og klare uavgjort.

I. Kåringar (sjå statistikken for fleire detaljar rundt mål og kampar)

Årets spelar: Ulrik Wingsternes

Årets unge spelar: Runar Stranden

Toppscorar (både serie og totalt): Georg Eikrem Olsen

Assist-konge: Runar Stranden

Heimelagets beste:

1. Rollon: Joar Møller

2. Vartdal: Thor-Ove Brekke
3. Langevåg: Vagn Scheide Mork
4. FK Sykkylven: Jon André Thue
5. Ørsta: Hiwa Alipoor
6. Godøy: Lars Roar Holstad
7. Valder: Runar Stranden
8. Norborg: Ulrik Wingsternes
9. Vigra: Torgeir Skeide
10. Emblem: Venthan Ketheeswaran
11. LGFK: Nauris Driksna

Passerte 100 kampar i 2015: Thor-Ove Brekke

Passerte 200 kampar i 2015: Joar Møller

Passerte 300 kampar i 2015: Eiliv-Tore Howlid

Klubbrekord med 472 kampar, tatt i siste runde: Vagn Scheide Mork

J. Eventuelt

Elles så høver det med å nemne at det har vore godt oppmøte på heimekampane i år, trass i dårleg heimestatistikk. Vi har ikkje nøyaktig oversikt over talet på tilskodarar, men det har bikka 100 fleire gonger, og var vel opp i 200 både mot Langevåg (Ronald Øvrelid spelte før kampen) og Valder (heidra medaljekarane i Norway Cup i pausen). Dessverre er det fleire som *bevisst* ikkje betalar for seg.

*

Til slutt takkar vi alle for innsatsen i 2015, både støtteapparat og spelarar. Sjølv om resultatata ikkje har vore dei store, har også denne sesongen hatt sine artige stunder.

Hareid. 29. oktober 2015.



Støtteapparatet i 2015. Frå venstre: Angelsen, Vollsæter, Monsen, Møller, Hovden, Øiestad.